



Arkoconsult AS  
Postboks 103  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/14029 - 20/78332

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
08.12.2020

## **Igangsetjingsløyve for betong- og tømrararbeid - gbnr 137/109 Alver**

**Administrativt vedtak:** Saknr: 1332/20  
**Tiltakshavar:** Hordaland Byggutvikling AS  
**Ansvarleg søkjar:** Arkoconsult AS  
**Søknadstype:** Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett

### **VEDTAK**

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1a), jf. § 21-2, 5.ledd, vert det gjeve løyve til igangsetjing av betong- og tømrararbeidet på følgjande vilkår:

1. Rammeløyve av 24.07.2019 med vilkår gjeld for tiltaket.
2. Oppdatert gjennomføringsplan må sendast inn.

### **Tiltak**

Saka gjeld søknad om igangsetjingsløyve for betong- og tømrararbeidet for tiltak på gbnr 137/109.

Kommunen har i vedtak av 24.07.2019 gjeve dispensasjon og rammeløyve på vilkår.

Det vert elles vist til søknad mottatt 12.11.2020 og supplerande dokumentasjon mottatt 07.12.2020.

### **Sakshandsamingsfrist**

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 07.12.2020 og frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato.

### **VURDERING**

Vilkår i rammeløyve er oppfylt ved skriv frå Alver kommune si avdeling for samferdsel, veg og VA forvaltning datert 03.12.2020 og tilbakemelding frå søkjar datert 07.12.2020. Søkjar har dokumentert mellombels sikring av mur C og D og skriv at køyrbar gangveg mellom bygg 2

og 3 blir endra til gangveg. Tilkoplingsløyve til kommunalt VA-anlegg er gitt i vedtak datert 24.11.2020 i arkivsak 20/17237.

### **Ansvarsrettar og tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner den. Det vert vist til gjennomføringsplan versjon 4 datert 11.11.2020.

Det er ikkje samsvar mellom mottatte ansvarserklæringar og gjennomføringsplanen når det gjeld betongarbeid. Føretaket Bolig og Eiendom AS har erklært ansvar for UTF betongarbeid, men dette går ikkje fram av gjennomføringsplanen. Føretaket Jostein Tangerås Murservice AS har erklært ansvar for UTF betongkonstruksjonar i tiltaksklasse 1, men er ført opp i gjennomføringsplanen med tiltaksklasse 2. Oppdatert gjennomføringsplan må sendast inn.

### **Aktuelt regelverk**

- Igangsetting av tiltak med ansvarsrett krev søknad etter pbl §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Grunnlag for ansvarsrett som sjølvbyggjar går fram av SAK § 6-8.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/14029

### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

### **Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Hordaland Byggutvikling AS	Stølen 26A	5911	ALVERSUND
----------------------------	------------	------	-----------

### **Mottakarar:**

Arkoconsult AS	Postboks 103	5291	VALESTRANDSFOSSE N
----------------	--------------	------	-----------------------